



## Detaljreguleringsplan

*Fv. 564 Fløksand-Vikebø, PlanID1256 20160010*

*gnr 305 bnr 142 m.fl, gnr 343 bnr 105 mfl*

**Føresegner datert 24.08.23  
(jf plan- og bygningslova § 12-7)**

Utval	Sak	Dato	Vedtaksstype	ArkivID
Areal, plan og miljø	149/20	11.11.2020	1. gongs handsaming	20/8340
Areal, plan og miljø	030/22	23.03.2022	2. gongs handsaming	20/8340
Areal, plan og miljø	055/22	20.04.2022	Oppfølging av utsettingsvedtak	20/8340
Areal, plan og miljø	089/22	15.06.2022	Ny 2. gongs handsaming	20/8340
Kommunestyret	079/22	16.06.2022	Planvedtak	20/8340
Kommunestyret	158/22	15.12.2022	Klagehandsaming	20/8340
Kommunestyret	64/23	11.05.2023	Klagehandsaming	20/8340

Føresegnene er revidert i samsvar med avslutta klagehandsaming hos Statsforvaltaren.

(ArkivID i Meland kommune 16/2424)





## 1 Siktemålet med planen

Reguleringsplanen skal legge til rette for utbetring av eksisterande fylkesveg 564 frå Fløksand til Vikebø. Fylkesvegen skal leggast i ny trasé utanom område med kvikkleire på Fløksand og Leiro, og i ny trasé utanom gardstuna ved Steinberget.

## 2 Fellesføresegner for heile planområdet

### 2.1 Samfunnstryggleik (§ 12-7 nr. 1, 2, 4)

#### 2.1.1 Flaumfare

Før det kan gjerast tiltak på eksisterande bruer over Rylandselva som kan påverke flaumkapasitet, må det gjerast flaumsonekartlegging. Flaumsonekartlegging skal leggast til grunn for planlegging og utføring av tiltak.

#### 2.1.2 Ras- og skredfare

- a. Sikring mot nedfall frå eksisterande og nye skjeringar og høge skrentar skal planleggast og utførast i samråd med geolog og i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrifter og fastlagte tiltaksplanar.
- b. Behovet for sikring av høge skrentar og skjeringar innanfor planområdet skal vurderast jf. TEK.
- c. Sikring av områdestabilitet, byggegrunn, fyllingar, nye og eksisterande murar, samt oppfylling av terreng i samband med varig deponering av massar skal planleggast og utførast i samråd med geoteknikar/ingeniørgeolog og i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrifter og fastlagte tiltaksplanar.
- d. Masetransport på avlasta veg forbi kvikkleireområdet på Fløksand og Leiro skal ikkje skje utan godkjenning frå byggherre.

### 2.2 Miljøkvalitet (§ 12-7 nr. 3)

#### 2.2.1 Støy

- a. Grenseverdiane gitt i tabell 2 i Klima og miljøverndepartementet sine retningslinjer for vegtrafikkstøy ved planlegging etter plan- og bygningsloven, T-1442/2021, skal leggast til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. For støykjenslege bygg som i støyutgreiing får høgare støynivå enn tilrådde grenseverdier i tabell 2 skal det gjennomførast tiltak som skjerming ved vegen, lokal skjerming av uteplass på eigedomen og / eller fasadetiltak som sikrar at grenseverdiane vert oppnådd.
- b. For støy frå bygge- og anleggsverksemd skal grenseverdier gitt i T-1442/2021 kapittel 6, tabell 4 og 5, gjelde. Ved overskridingar av grenseverdiane skal det varslast og gjennomførast avbøtande tiltak i samsvar med retningslinje T-1442/2021 kapittel 6.3 og tilhøyrande rettleiar M-2061. Seinast ved anleggsstart skal det ligge føre ein plan for handtering av bygge- og anleggsstøy ved eventuelle overskridingar av grenseverdiane, i samsvar med retningslinje T-1442/2021 kapittel 6.2.

#### 2.2.2 Forureining i vatn

Heilskapleg handtering av overvatn må sikrast både i anleggsfasen og i driftsfasen. Før anleggsarbeid for tiltak i planen kan starte opp skal det ligge føre utsleppsløyve etter Forureiningslova §11.



## 2.3 Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)

### 2.3.1 Universell utforming

- c. Prinsippet om universell utforming skal så langt som mogleg leggest til grunn for val av løysingar for gåande og syklende.
- d. Kollektivhaldeplassar skal utformast i samsvar med prinsipp for universell utforming.

### 2.3.2 Estetisk utforming

- a. Ved detaljplanlegging og gjennomføring av tiltak i planområdet skal det leggest vekt på god estetisk utforming. Med estetisk utforming er meint tilpassing til området sin landskapskarakter.
- b. Alle terrenginngrep skal skje mest mogleg varsamt måte i høve til omgjevnadene. Det skal leggest vekt på terrengutforming og løysingar som tek vare på mest mogleg av eksisterande terreng og vegetasjon. Dette gjeld spesielt kantsonevegetasjonen i vassdragsbeltet langs verna vassdrag Rylandselva.
- c. Ved utforming av fylling i Rylandsvatnet skal det leggest særleg vekt på reetablering av kantvegetasjon i og langs vatnet. Terrengforminga skal legge til rette for reetablering av vegetasjon både over vassflata og i strandsona, og visuelt skjerme vatnet frå fylkesvegen med tilhøyrande støyskjerm og skjering så langt som mogleg.
- d. Overgangen mellom nytt og eksisterande terreng skal ha ei avrunda form og tilpassast tilgrensande terreng så langt som mogleg.
- e. Vegskjeringar, grøfter og fyllingar, samt areal mellom køyreveg og gang- og sykkelveg skal såast til eller gis overflate med god estetisk utforming. Der landskapskarakter tilseier det, skal det ved tilsåing nyttast frøblanding med stadeigne artar for blomstereng el.l. som i størst mogleg grad bidrar til biologisk mangfald.
- f. Terrengmurar og støttemurar skal ha ei heilskapleg utforming og førast opp i naturstein så langt som mogleg.

### 2.3.3 Terrenghandsaming

- a. Det øvste jordlaget som vert teke bort i linja, skal handsamast og mellomagrast for seg. Jorda skal nyttast på flater som skal revegeterast innanfor veganlegget. Ved utlegging av nytt vegetasjonsdekke skal det så langt som mogleg nyttast stadeigne massar.
- b. Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord og innmarksbeite ) som vert bygd ned skal av utbyggar sikrast vidare bruk til jordbruksføremål. Lagring og/eller bruk av jorda utanfor planområdet må avklarast med kommunen. Eventuell nydyrking må avklarast med kommunen og i samsvar med Forskrift om nydyrking.
- c. Myr og massar frå topp myr skal ikkje blandast med vanleg jord.
- d. Framande skadelege arter innanfor tiltaksområdet skal handterast i tråd med gjeldande forskrift for framande artar. Framande skadelege artar som er lokalisert nærare anleggsområdet enn 10 meter skal vurderast av fagkyndig.

### 2.3.4 Handtering av overvatn

- a. Detaljert plan for VA – anlegg inklusiv overvatn og flaumvegar skal vere i samsvar med VA-rammeplan. Det skal sikrast at tiltaka i planen ikkje fører til auka avrenning mot Leiro.
- b. Detaljert plan for VA-anlegg og endringar av terrenghøgde over eksisterande vatn- og avløpsleidningar skal godkjennast av VA- avdeling i Alver kommune.

### 2.3.5 Plassering av høgspenlinjer og nettstasjonar

- c. Behov for varig og/eller midlertidig omlegging av høgspenningsanlegg skal kartleggast i samband med utarbeiding av byggeplan. Eventuelle planar for omlegging skal utarbeidast i samarbeid med linjeeigar.
- d. Nettstasjonar kan tillatast oppført i samband med stadbunden næring i LNFR-område, i område regulert til bygningar og anlegg, og/eller i område regulert til samferdselsanlegg – annan veggrunn.





## 2.4 Verneverdiar for kulturmiljø (§ 12-7 nr. 6)

### 2.4.1 Automatisk freda kulturminne

- a. Før det blir sett i verk tiltak i medhald av planen, skal det gjerast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna:
- ID 272047 som er merka som område for føresegn #37 i plankartet.
  - ID 272048 som er merka som område for føresegn #38 i plankartet.
  - ID 272049 som er merka som område for føresegn #39 i plankartet.
- Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.
- b. Dersom det ved tiltak i grunnen vert oppdaga ukjende automatisk freda kulturminne som funn, gjenstandar eller konstruksjonar, må arbeida stansast straks og kulturvernstyresmakter i Vestland fylkeskommune varslast i samsvar med § 8.2 i Lov om kulturminne.

## 2.5 Dokumentasjonskrav / krav om undersøkingar før og/eller ved gjennomføring av planen (§ 12-7 nr. 12)

### 2.5.1 Overvaking av grunnforhold

Før anleggsarbeidet startar opp skal det vere etablert tiltak for overvaking av område med kvikkleire som kan verte påverka av anleggsarbeidet. Det skal etablerast eit overvåkingsprogram som inkluderer før- undervegs- og etterundersøkingar.

## 3 Føresegner for arealformål

### 3.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

#### 3.1.1 Fellesføresegner (§ 12-7)

- a. Vegar og køyrevegar skal opparbeidast i samsvar med breidde og kurvatur som vist på plankartet og etter godkjente tekniske planer. Mindre avvik mellom underformål kan tillatast innanfor hovudformålet.
- b. Avkøyrslar er vist på plankartet. Det er ikkje høve til å opparbeide andre avkøyrslar enn dei som er vist i plankart.
- c. Plassering av avkøyrslar vist med pil på plankartet er rettleiande, men talet på avkøyrslar og kva veg eignedomane skal ha avkøyrslar frå er bindande. Avkøyrslar skal oppfylle krav til sikt og andre krav til utforming gitt av vegstyresmakt.

#### 3.1.2 Juridiske linjer, eksempelvis støyskjerm, støttemur, sikringsgjerde (§§ 12-7 nr. 1 og 4)

- a. Støyskjerm langs Rylandsvatnet skal førast opp som tett vegrekkverk med minst 0,8 meters høgde med plassering og utstrekning som vist i plankart.
- b. Frisiktlinjer er vist i plankart. I frisiktsoner skal det være fri sikt i høgde 0,5 meter over tilstøytande vegars plan.

#### 3.1.3 Veg, SV

- a. Veg merka o\_SV skal vere offentleg.
- b. f\_SV2 er felles for gnr. 305, bnr. 23, 50.



- c. f\_SV6 er felles for gnr. 305, bnr. 100, 120, 203.
- d. f\_SV8 er felles for gnr. 305, bnr. 7, 105, 133, 134, 178, 187, 196, 25, 116.
- e. f\_SV9 er felles for gnr. 305, bnr. 6, 7, 91, 95, 103, 113, 114, 185, 186, 188, 191, 192, 197, 204.
- f. f\_SV10 er felles for gnr. 305, bnr. 6, 91
- g. f\_SV15 er felles for gnr. 305, bnr. 3, 32, 35, 70, 184 og 305, og for gnr. 343, bnr. 5, 7, 8, 10, 16, 17, 25, 91 og 94.
- h. f\_SV19 er felles for gnr. 343 bnr. 3, 75, 88, 98, 149
- i. f\_SV20 er felles for gnr. 343 bnr. 3, 52/54 og 65
- j. f\_SV23 er felles for jordbruksverksemd på eigedomane gnr. 305, bnr 3, 4

### 3.1.4 Køyreveg, SKV

- a. Veg merka o\_SKV skal vere offentleg.

### 3.1.5 Fortau, SF

- a. Fortau skal opparbeidast som vist på planen og ferdigstillast samtidig med tilhøyrande strekning av ny veg.
- b. Fortau merka o\_SF skal vere offentleg.

### 3.1.6 Gang- og sykkelveg, SGS

- a. Gang- og sykkelveg skal opparbeidast som vist på planen. Med unntak av o\_SGS27, o\_SGS28 og o\_SGS8 frå rundkøyringa på Fløksand til kryss med avlasta fylkesveg nord for Hundetjørna skal alle gang- og sykkelveg ferdigstillast samtidig med tilhøyrande strekning av ny veg.
- b. Gang- og sykkelveg merka o\_SGS skal vere offentleg.
- c. f\_SGS18 kan nyttast som køyreveg til eigedomar som har vegen som einaste tilkomst fram til ny tilkomstveg frå fv. 5316 Eikelandsvegen er etablert. Når ny tilkomstveg er etablert skal f\_SGS18 stengast for motoriserte køyretøy.
- d. o\_SGS28 kan nyttast som køyreveg til eigedomen gnr. 305 bnr. 6
- e. o\_SGS15 kan nyttast som køyreveg til eigedomen gnr. 343 bnr. 3

### 3.1.7 Annan veggrunn – tekniske anlegg, SVT

- a. I o\_SVT1 og o\_SVT2 kan det etablerast renovasjonspunkt for fritidsbustader/hytter. I samband med områda skal det sikrast snumulegheit/vendehammar dimensjonert for lastebil L.
- b. I o\_SVT3 kan det opparbeidast parkeringslomme for tilkomst til nettstasjon.

### 3.1.8 Annan veggrunn – grøntareal, SVG

- a. Innanfor areal sett av til anna veggrunn - grøntareal kan det plasserast grøfter, skjeringar, fyllingar, støttemurar, veglys, rekkverk og gjerder, støyskjermer og liknande, samt nettstasjonar og leskur for busshaldeplass. Plassering skal ivareta siktlinjer og andre tekniske krav.
- b. I SVG mellom Rylandselva og busshaldeplass o\_SH10 skal det i detaljprosjektering vurderast å erstatte vegfylling med mur for å redusere inngrep i randsona langs elva.

### 3.1.9 Kollektivhaldeplass, o\_SH

- a. Areal merka o\_SH skal vere offentleg.

### 3.1.10 Parkeringsplassar, f\_SPA

- a. Parkeringsplass f\_SPA er felles parkeringsplass for eigedomane gnr. 305 bnr. 6, 7, 91, 95, 103, 113, 114, 185, 186, 188, 191, 192, 197, 204.



### **3.2 Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift (§ 12-5 nr. 5)**

#### **3.2.1 Fellesføresegner for LNFR**

Areal avsett til LNFR kan nyttast til midlertidig anlegg- og riggområde og skal tilbakeførast til LNFR ved anleggslutt jf. føresegner i pkt.5.1.

#### **3.2.2 Kombinert formål landbruks-, natur- og friluftsmål og samferdselsformål, LAA**

- a. I området kan det etablerast midlertidig fylkesveg dersom bygging av ny fylkesveg skjer i fleire byggjetrinn.
- b. Før etablering av midlertidige vegtiltak kan starte opp skal det liggje føre detaljerte tekniske planer for alle midlertidige tiltak. Midlertidig veg vil vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Planane skal godkjennast av rette vegmynde før det kan gis løyve til tiltak innanfor området.
- c. Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eitt år etter at ny fylkesveg forbi Steinberget er opna for trafikk, skal regulering til samferdselsformål verte oppheva og området settast i stand og gis arealbruk i samsvar med landbruks-, natur- og friluftsmålet.
- d. Samferdselsmålet kan fjernast frå plankartet administrativt etter at anleggsperioden for ny fylkesveg vest for Steinberget er over.

### **3.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)**

#### **3.3.1 Fellesføresegner for bruk og vern av sjø og vassdrag**

- a. Områda er avsett til offentlig friluftsområde i Rylandsvassdraget.
- b. I områda skal det etablerast midlertidige tiltak for å hindre spreiding av finstoff og annan ureining i anleggsperioden.

#### **3.3.2 Bruk og vern av sjø og vassdrag, o\_V2 og o\_V3**

- a. Fylkesvegbru over Rylandselva vert tillate utvida over o\_V2 og o\_V3. Utviding av bru må oppfylle krav til flaumsone jf. pkt.2.1.1.

#### **3.3.3 Kombinert formål bruk og vern av sjø og vassdrag og samferdselsanlegg, o\_VAA**

- a. I o\_VAA kan det etablerast vegfylling under vassoverflata i Rylandsvatnet.
- b. Overgangen mellom vegfylling i vatnet og vegfylling over vassflata skal opparbeidast med eit gruntvassområde som legg til rette for reetablering av naturleg vasskantvegetasjon.
- c. Før etablering av vegfylling skal muddermassane med vasskantvegetasjon takast opp og lagrast for seg på eigna stad. Massane skal tilbakeførast til vasskanten ved ferdigstilling av fyllinga.
- d. Utforming av gruntvassområdet, lagring og tilbakeføring av massar skal planleggast og utførast i samråd med naturfagleg kompetanse.
- e. Det skal utformast eit program for oppfølging og overvaking av gruntvassområdet med reetablert vasskantvegetasjon som inkluderer før-, undervegs- og etterundersøkingar. Detaljar om overvaking, naudsynte avbøtande tiltak og tidsavgrensing av programmet skal vurderast i samråd med Statsforvaltaren.





## 4 Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

### 4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (sone H140, H370)

#### 4.1.1 Støysoner H210 og H220

- a. Det kan ikkje etablerast nye støykjenslege bygg innanfor støysonene H210 (raud sone).
- b. Innanfor støysonene H220 (gul sone) kan det ikkje tillatast etablering av nye støykjenslege bygg, eller bruksendring som gir nytt støykjensleg bruksformål, utan at tilrådde grenseverdier i tabell 2 i T-1442/2021 vert tilfredsstilt.
- c. For eksisterande støykjenslege bygg som får fasadenivå over grenseverdiene i tabell 2 i T-1442/2021 som følge av planen skal det etablerast støytiltak jf. pkt. 2.2.1.

#### 4.1.2 Faresone høgspenningsanlegg – H370

- a. I området kan det ikkje førast opp bygningar. Eksisterande leidningar innanfor planområdet skal takast omsyn til. Alle tiltak som inneber terrengendring, vegar, mm. innanfor faresona skal godkjennast av kommunen og linjeeigar.
- b. Linjeeigar skal kontaktast dersom anleggsmaskinar skal stillast opp eller nyttast nærmare luftleidningar enn 30 m.

### 4.2 Særlege omsyn til bevaring av naturmiljø og kulturmiljø (§ 11-8 c) (sone H560 og H570)

#### 4.2.1 Bevaring naturmiljø H560

Omsynssona omfattar naturtype vasskantsamfunn. Inngrep i naturtypen skal unngåast så langt som mogleg.

#### 4.2.2 Bevaring kulturmiljø H570

I omsynssone c ligg det automatisk freda kulturminne som er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Vestland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser.

### 4.3 Bandlegging etter lov om kulturminne (§ 11-8 d) (sone H730)

I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggje, skade, dekke til eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminnet mellombels eller permanent er ikkje tillate, jf. kulturminnelova § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Vestland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.



## 5 Føresegner til føresegningsområde

### 5.1 Føresegner til midlertidig bygge- og anleggsområde (område #1-#36)

- a. Område merka #1-#36 er avsett til midlertidige bygge- og anleggsområde og kan nyttast som anleggsområde så lenge anleggsarbeida er i gang. Innanfor desse områda kan det gjerast nødvendige terrengarbeid som for eksempel avdekking av lausmassar og mellomlagring av massar, utbetring av overvassgrøfter og utskifting/legging av overvass- og drensleidningar, midlertidige anleggsvegar og omkøyringsvegar, samt lagrast/oppstillast materiell og maskiner inkludert brakkerigg og parkering.
- b. Område merka #41 er og midlertidig bygge- og anleggsområde. Innanfor område #41 skal arbeida avgrensast til nødvendige terrengarbeid i samband med utbetring av overvassgrøfter og utskifting/legging av overvass- og drensleidningar.
- c. For område som skal tilbakeførast til landbruksareal skal dyrkingskvaliteten vere dokumentert før dei kan takast i bruk.
- d. I anleggsperioden skal områda til ei kvar tid vere forsvarleg sikra og ikkje føre til fare for bebuarar, brukarar og omgjevnader i og ved planområdet. Inngrep skal avgrensast i størst mogleg grad.
- e. Etter avslutta anleggsperiode, og seinast 1 år etter at det nye anlegget er tatt i bruk, skal områda merka #1-2, #4-7, #10-12, #14-15, #17-19, #21-22, #24-36, #41 vere sett i stand slik dei var før inngrepet.
- f. I områda merka #3, #8, #9, #13, #16, #20, #23 og #25 vert det tillate oppfylling av terreng for varig deponering av massar. Områda skal seinast 5 år etter at ny veg er tatt i bruk, og med utgangspunkt i dokumentert dyrkingskvalitet eller markslagskart for dei aktuelle areala, ha same arealkvalitet som før anleggsarbeidet starta. Planar for oppfylling og istandsetting av areala skal godkjennast av kommunen.
- g. Areal til midlertidig bygge og anleggsområde er gyldig til 10 år etter vedtak av detaljreguleringsplanen. Ved ferdigstilling innan den tid skal det gjevast tilbakemelding til planmynde om at midlertidig bygge og anleggsområde kan fjernast frå plankartet.

### 5.2 Automatisk freda kulturminne (# 37, #38, #39)

Automatisk freda kulturminne, Askeladden Id 272047, 272048, 272049, er frigitt frå fredinga. Ordlyd og vilkår er gitt i felles føresegner pkt. 2.4.1. a.

### 5.3 Føresegner til vilkår for bruk

- a. Innanfor område merka #40 kan det byggjast skogsveg med standard vegklasse 8 «Enkel traktorveg», jf. «Normaler for landbruksveier - med byggebeskrivelse», Landbruks- og matdepartementet, august 2016.
- b. Innanfor område merka #42 kan eksisterande veg bli nytta som tilkomst til landbruksjord på eigedomane gnr. 305, bnr. 3 og 4.





## 6 Rekkjefølgjeføresegner

- a. Før anleggsarbeid for fylkesvegen kan starte skal det ligge føre landskapsplanar som viser utforming av sideareal og revegetering. Det skal leggast særleg vekt på utforming av fylling og reetablering av vasskantvegetasjon ved Rylandsvatnet.
- b. Før arbeida på den enkelte arbeidsstaden kan starte skal det ligge føre plan for bruk av overskotsmassar og løyve til deponering godkjent av kommunen.
- c. Før arbeida på den enkelte arbeidsstaden kan starte, skal det ligge føre faseplanar og arbeidsvarslingsplanar som skildrar trafikkavvikling, framkomst og trafikktryggleik i anleggsperioden. Det skal leggast vekt på tilrettelegging for gåande og syklende.
- d. Alle nødvendige tiltak som gjeld vegomlegging, trafikkomlegging, omlegging av avkøyrslar og tilkomst, gang- og sykkelvegar, gangvegar og fortau som er vist i planen skal være opparbeida seinast ved opning av tilhøyrande strekning av ny veg.
- e. Opparbeiding av annan veggrunn – grøntareal, skal vere ferdig seinast eitt år etter opning av tilhøyrande strekning av ny veg.
- f. Arbeid og endringar i kommunale vegområde kan ikkje settast i gang før tekniske planar er godkjent av kommunal vegmynde.
- g. Alle endringar/omleggingar av kommunale vegområde skal vere ferdigstilt og overlevert til kommunal vegmynde seinast ved opning av ny veg.
- h. Lokale støytiltak jf. pkt. 2.2.1 skal vere utført seinast samtidig med at nytt veganlegg vert tatt i bruk, såframt grunneigar godtar etablering av støytiltaket på sin eigedom.

## 7 Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

VA-rammeplan datert 16.06.2022, med oppdateringar jfr. vedtak av reguleringsplan.